

06/25. Referat frå møte i Strandebarm sokneråd.

Stad: Kyrkja og kyrkjelydshuset.

Tid: Torsdag 25.09.25 Kl. 18.30-19.00 Brannøving
Kl.19.00-21.10 Soknerådsmøte

På brannøvinga i kyrkja møtte soknerådet (minus Tor Håkon Berge) og fleire av dei frivillige som hjelper til i kyrkjelyden. Kyrkjetenar Monica Skogvoll gjekk gjennom rutineane som gjeld i tilfelle brann.

Desse møtte til soknerådsmøte: Vetle Karlsen Eide, Lenie Hoogerbrugge, Jorunn B. Lillefosse, Kjell J. Hoff, Lillian H. Fosse, Renate B. Nernes, Margun M. Tordal, Tor Håkon Berge og Inger Karin Tordal frå jubileumskomiteen i sak 43/25.

Renate hadde dagens ord, henta frå Jesaja i Gamle testamentet.

Sak 42/25: Godkjenning av innkalling, sakliste og referat for soknerådsmøte 04.09.25.

Vedtak: Framlegg til vedtak vart godkjent.

Sak 43/25: Programkomite og sokneråd samsnakkast om kyrkjejubileet.

Vedtak: Saka vert utsett til neste møte i soknerådet 30.10.25. Dette fordi berre 2 av repr. i komiteen møtte. Komiteen vert oppmoda om å ha ei samling før denne datoen. Inger Karin vart beden om å kalla inn til møte.

Sak 44/25: Meldingar:

- Nettverksamling for sokneråda i Bjørgvin 27.09.25
- Saldo for orgelvøle var no over 600.000.
- Ei gåve på over 10 store innramma maleri til orgelnemnda. Basar/lotteri?

- Medarbeiderfest i oktober? Vert utsett til våren -26.

Vedtak: Meldingar vart tatt til vitande.

Sak 45/25: Messy Church.

Vedtak: Strandebarm sokneråd går inn for å prøva ut Messy Church og oppmodar fellesrådet til å kjøpa inn opplegget for å kunna bruka det i fleire kyrkjelydar i Kvam. Soknerådet jobbar vidare med å få dette realisert i 2026 i samarbeid med Vetle.

Sak 46/25: Mandat til å utarbeida nye planar.

Vedtak: Framlegg til vedtak vart godkjent.

Sak 47/25: Godkjenning av gudstenesteliste for Kvam.

Vedtak: Framlegg til vedtak vart godkjent.

Sak 48/25. Konfirmantjubileumsfest. Oppgåvefordeling.

Vedtak: Framlegg til vedtak vart godkjent, og Margun har fått nok folk til å hjelpa til.

Sak 49/25: Framlegg til retningslinjer for bruk av kyrkjelydshuset sine midlar.

Vedtak: Saka vert utsett til neste soknerådsmøte.

Sak 50/25 Eventuelt.

Jorunn B. Lillefosse

Ref.